



Visst vart det lyd! Torunn hjelper Redon

Skulemusikken i bygda er på opptur att etter å ha vore nede i ein djup bylgjedal. No er det 20 aktive musikantar medan det var så få som 9 då botnen vart nådd. Men målet bør vera 28 og korpset er på veg mot det.

Det gjorde leiinga med nyvalt leiar Haldis Amalie Åkra i spissen klart då dei inviterte til prøvespel i ettermiddag med aspirantstatus som mål. Ettersom det var dagen etter påske og ikkje skuledag var Haldis nøgd med at det møtte 4. Og dei gav sanneleg lyd frå seg! Søknadsfristen er 15. april,



Satsar mot aspirantstatus: Celine Musland, Oliver Enes og William Hjørnevåg

2 av dei som møtte ville helst spela kornett medan ein foretrakk horn og ein var mest frista av baryton. Kva dei eventuelle nye aspirantane endar med kan ingen seie no, det er som alltid sprik mellom ynskje og behov. Men dirigent Tor Skeie Olsen var innom både baryton og tuba då han og korpset gav ein minikonsert for dei unge og håpefulle etter det første møtet. Det vart nok eit førebels høgdepunkt som inspirerte dei potensielle aspirantane.

Eit anna høgdepunkt for korpset vert helga frå 12. til 14. Husnes då Husneskorpset held seminar for alle 3 skulekorpsa i Kvinnherad. Då vert det verkeleg satsa - mellom anna med 8 instruktørar

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Så fekk dei møte korpset!